



Strand AS

Postboks 83 Kristianborg  
5822 Bergen

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2008/1021 - 14297/2008	Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24	127/1	11.06.2008

Delegert sak

## **Rammeløyve - kontor/lager/verkstadbygg - PSW Eiendom AS - gbnr 127/1 tomt 3 Mongstad**

Vi viser til søknad om rammeløyve, motteken (komplett) 06.06.2008 og vedlagt:

- teikningar
- situasjonsplan
- søknad om ansvarsrett
- kvittering for sende nabovarsel
- kontrollerklæring for prosjektering
- søknad om dispensasjon

### **Saksutgreiing :**

Løyve til opparbeiding av tomta er gitt tidlegare. Denne søknaden gjeld bygging av hall for lager/verkstad i ein etasje (3278 m<sup>2</sup> BRA), kontor/garderobebygg i tre etasjar (1367 m<sup>2</sup> BRA) totalt bebygd areal 3796 m<sup>2</sup>, bruksareal 4645 m<sup>2</sup>. Tiltaket er i samsvar med REGULERINGSPLAN FOR DELER AV INDUSTRIOMRÅDE PÅ MONGSTAD i LINDÅS OG AUSTRHEIM KOMMUNAR (Mongstad Vekst-planen).

Bygningen skal ha mønehøgde 11,9 m på hovuddelen og 20,4 på ein mindre del (i underkant av 400 m<sup>2</sup>). Reguleringsplanen har ingen reglar for maks byggehøgde. Difor gjeld grensa på 9 m byggehøgde i pbl § 70 nr 1. Det er søkt om dispensasjon frå maks mønehøgde med grunngeving at den store høgda er naudsynt for å få plassert testapparatur for nordsjørelatert maskinvare.

### Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt. C.3.3. Sakshandsamingsfristen på 12 veker går frå den datoen reguleringsendringa vart godkjent 18.04.2007 Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

(forts.)

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)		
Basisgebyr. Middels tung sak		14.900
Tilleggsgebyr, middels		6.700
Dispensasjon		5.000
<b>SUM</b>		<b>26.600</b>

**Vedtak:**

Med heimel i Plan- og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå § 70 nr.1 for oppføring av bygning med mønehøgde 11,9/20,4 meter.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 93 og 95a vert søknad om rammeløyve godkjent på følgjande vilkår:

1. Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteken 06.06.2008 . Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med grunnmur/ ringmur vert sett i gang. Plassering av tiltak og terrengendringar i horisontal- og vertikalplan skal **dokumenterast med koordinatar i EUREF seinast ved ferdigmelding** (PBL § 70 nr. 1).
2. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett og kontrollerklæring for uavhengig kontroll for prosjektering av brann-/personsikring før det vert sett igang arbeid over grunnmur/fundament (SAK § 25).
3. Det skal leggjast fram uttale/godkjenning frå mattilsynet for kantine ved ferdigmelding.
4. Det skal leggjast fram samtykke frå Arbeidstilsynet før det vert sett igang arbeid over grunnmur/fundament.
5. Det skal sendast inn avfallsplan saman med søknad om igangsettingsløyve.
6. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg vatn og avløp. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknytning og melding om utføring av sanitæranlegg sendast til kommunen si VVA-avdeling på særskilt skjema vedlagt turvande planar. Denne søknaden skal også omfatta fram plan for rensing/gjenvinning av spylevatn/avløp, oljeutskiljar m.v..
7. Det vert ikkje tillate å setja i gang arbeid før igangsettingsløyve er gitt.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

(forts.)

**Godkjenningar** i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.  
Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

SØK		Strand AS
PRO/KPR	Arkitekturprosjektering tiltaksklasse 2	Arkitektkontoret Ulf Røstøen AS
PRO/KPR	Røyrinstallasjonar, sanitær tkl.2	AS Haugland VVS

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.  
Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Tor Hegle (s)  
fagleiar byggesak



Knut Bjørnevoll  
Sakshandsamar

Kopi til:  
PSW Eiendom AS Postboks 6103 Postterminalen 5892 Bergen

